



Optima pH4 ved mage- og tarmplager hos kalv og lam

Bruk av Optima pH4 mage (mageregulator for dyr) og Optima pH3,6 organiske syrer.

Ved lettare diarè og trommesjuka hos **enkeltdyr** er **Optima pH4 mage (mageregulator for dyr)** brukt med godt resultat på denne måten.

Kalv(0-3 veker): Bruk ca 1dl(1kopp) 1-2 g pr dag. Bland det evt. ut i litt vatn eller mjølk.

Lam(0-3 veker): Bruk 20-50 ml 1-2 g pr dag. Bland det evt. ut i litt vatn eller mjølk.

Bruk litt meir når kalv og lam blir eldre.

Ved flokkproblem er ei blanding av **Optima pH4 mage (mageregulator for dyr)** og **Optima pH 3,6 organiske syrer** blitt brukt med godt resultat.

Oppskrifta er slik:

0,25 liter Optima pH3,6 organiske syrer (ikkje utblanda) og **0,2 liter Optima pH4 mage (mageregulator for dyr)** til **10 liter mjølk**. Denne blandinga er mikrobiologisk stabil og kan brukast både i fôringsautomat og til manuell fôring.

Optima pH4 mage (mageregulator for dyr) har god smak og stimulerer opptaket. Denne kan også brukast i drikkevatnet i utblanding 1:10.

Blandinga av mjølk, **Optima pH3,6 organiske syrer** og **Optima pH4 mage** eignar seg også godt som førebyggjande tiltak i overgangen frå råmjølk til andre former for mjølkefôring; og ved innkjøp av kalvar.

Ta gjerne kontakt ved problem.

Tilbakemeldingar frå kundar:

Onsdag 26.09.12 vart det arrangert ope fjøs her i Norheimsund i regi av Felleskjøpet Agri, Tine og Nortura. Eigaren har bygt nytt fjøs til ca 60 mjølkekyr og flytta inn rundt 1 april. Det er plass for kalvane inne i sjølve fjøset. På arrangementet fortalde eigaren om ei vellukka innflytting av mjølkekyrne og om store problem med dei nyfødde kalvane; alle dei 27 første fekk diarè og vantrivsel. Etter ca 1mnd med tradisjonelle tiltak utan resultat tok han turen til Optima Produkter AS og kjøpte **Optima pH4 mage(magereregulator for dyr)** og **Optima pH3,6 organiske syrer**. Han fekk med seg vedlegget « Kalv og lam» og ei tilråding om å spraya innreiing og golv med dei organiske syrene etter reingjering. Etter ei knapp veke var problemet over og det har ikkje kome igjen.

Og det finst fleire liknande tilfelle.

Ein stor mjølkeprodusent på Voss har brukt same prosedyren i fleire år. Eigaren, som også er veterinær, har erfaring for at dette er det einaste som held kalvehelsa i orden

Ein bonde i Sogn som driv kjøttproduksjon på innkjøpte kalvar har også gode erfaringar med å bruka desse produkta ved mottak av nye kalvar. Også han hadde prøvd alle tenkelege tiltak før han fann fram til dei to Optimaprodukta.